



Atle Fredheim og Stig Klette i aksjon i Dønhaugkjedlaren onsdag kveld. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Aktivitetshusets Damevenner avlyste den tradisjonelle påskedansen onsdag kveld fordi ein kjend uskedeling som budde i næraste nabolaget til huset gjekk bort for få dagar sidan. Likevel vart det eit påsketreff denne kvelden, men då i Dønhaugkjedlaren. Den vart nesten fylt sjølv om arrangementet var kunnngjort berre gjennom jungeltelegrafen!**

Det var uskedelingen Atle Fredheim og Stig Klette frå Rosendal som skulle spela i Aktivitetshuset, men etter forslag frå Klara Bakke i Damevennene vart dei 'ombooka' til Dønhaug.

Ho registrerte at mange gjerne ville ha ein liten fest denne kvelden og tykte dette var ei akseptabel løysing. Og musikarane var ikkje vonde å be og spesielt ikkje Fredheim. Han har faktisk budd på Dønhaug!

Det vart ein livleg kveld med mykje god musikk og nærare 50 var innom. Fleire fekk seg også ein svingom.

Då flyttinga til Dønhaug vart bestemt same dagen, var det ikkje mogeleg å koma ut med noko form for offentleg kunnngjering av arrangementet.

Men 'munn-til-munn-metoden' viste seg altså i dette høvet å vera tilstrekkeleg og Magne Huglen gjorde den lærdom at annonser og plakatar ikkje alltid er det einaste saliggjerande - sjølv i våre dagar.

Og langfredagskvelden er 'The Foggy Few' frå Bergen på plass i Dønhaugkjedlaren.

Av Ola Matti Mathisen



Fleire fekk seg ein påskesvingom i Dønhaugkjedlaren. (Foto: Ola Matti Mathisen)